



SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

BUSETJING AV FLYKTNINGAR I TYSNES KOMMUNE

Sakshandsamar: Kristine Trane

Arkivsak : 22/238 -
Arkivkode: 391

Vedlegg: Skriv frå IMDI – sendt ut som vedlegg til referat, skriv og meldingar

<https://www.regjeringen.no/contentassets/3bfce5623ca44faa9542fff822f399b3/gi-04-2022.pdf>

<https://www.regjeringen.no/contentassets/a240abb0e69f45819905f898d7714476/gi-13-2017-instruks-til-utlendingsdirektoratet-om-innkvartering-av-asylsokere.pdf>

SAKSUTGREIING:

Busetting av flyktningar i Tysnes kommune - Bakgrunn:

Mange menneske har flykta frå Ukraina sidan Russland sin invasjon i februar i år. FN sin høgkommissær for flyktningar bereknar at meir enn 4 millionar kan bli drivne på flukt frå Ukraina innan kort tid. Flyktningstraumen som følgje av krisa i Ukraina byr på ein uoversiktleg situasjon som gir raske endringar.

Ukrainske flyktningar har fått innvilga midlertidig kollektiv beskyttelse, noko som gjer at UDI ikkje gjer individuelle vurderingar, for å sikre rask hjelp. Situasjonen gjer det naudsynt å auke kapasiteten på mottak av flyktningar til Noreg. Det er framleis uvisst kor stort behovet for busetting blir i år, men det er venta at talet på ukrainske flyktningar aukar i vekene og månadane framover.

Tysnes kommune meldte at vi kunne ta imot 15 flyktningar på integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) si kartlegging av busettingskapasiteten i kommunane i veke 10. IMDi melder at behovet for busetting i Noreg er vesentleg større enn den kapasiteten kommunane har meldt inn. Tysnes kommune mottok oppmodingsbrevet frå IMDi 18.03.22. I brevet vert kommunen oppmoda om å busette til saman 25 flyktningar i 2022. IMDi ber om tilbakemelding i form av vedtak innan 31. mars 2022. I brevet står det: «Vi ber om at det kjem tydeleg fram av vedtaket dykkar kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette i 2022. Vi oppfordrar dykk til å gjere vedtak i tråd med talet det er oppmoda om. Vedtaket skal ikkje inkludere familie-gjenforeina eller innehalde andre reservasjonar.» Kommunen kan ikkje stille krav til flyktninganes nasjonalitet eller familiesituasjon, berre om vi vil ta imot einslege mindreårige eller ikkje.

Personar som har fått innvilga opphald av UDI, og som har løyve som dannar grunnlag for busetting, får rett til å arbeide, rett på helsehjelp, og borna får rett til skule eller barnehageplass. Vidare får dei som er mellom 18 og 55 år plikt til å delta i introduksjonsprogrammet, som mellom anna omfattar opplæring i norsk og samfunnsfag.

Om ulike former for busetting:

Vanleg busetting:

IMDi har ansvar for å oppmode og tildele kommunane busetting av personar som har fått sin søknad om opphald handsama. Vanleg prosedyre er at flyktingane registrerer seg, får mottaksplass, og deretter vert dei tildelt busettingskommune.

Slik situasjonen er no, har fleire allereie kommen til landet, og til Tysnes kommune. Over 2600 er registrert som asylsøklarar frå Ukraina i Noreg (17.mars 22). Vi er kjent med at åtte personar er kome til Tysnes. Felles for alle som ønskjer offentleg hjelp, er at dei må registrere seg hos politiet/UDI.

Sjølvbusssetting utan offentleg hjelp:

Dersom flyktingen klarar seg utan økonomisk støtte eller introduksjonsprogram står personen fritt til å busette seg valfri stad, og kan opphalde seg på turistvisum i tre+ tre månader.

Avtalt sjølvbusssetting:

Personar som allereie har funne ein stad å bu, og ønskjer offentleg hjelp framover, må registrere seg hos politiet/UDI og søkje om busetting med offentlig hjelp. Dersom personen har funnen ein bustad i kommunen, og ønskjer å busetje seg i kommunen hen oppheld seg i, kan hen kontakte kommunen, som kan inngå ein avtale med IMDi, og så godkjenne bustaden. Dette kallast avtalt sjølvbusssetting. Personar som busett seg på denne måten vert inkludert i kommunens tal som busettast, og løyser ut integreringstilskot, og fulle rettar for vedkommande.

Økonomi:

Før busetting:

Informasjon om alternativ mottaksplass – AMOT: Regjeringa informerer i ei pressemelding 16.mars 2022 at kommunar som har ukrainarar buande hos seg, utanfor asylmottakssystemet kan få tilskott frå UDI. Kommunen må då ta på seg alt oppfølgingsansvar for flyktingen, før hen er tildelt busettingskommune. Flyktingen kan få naudsynt støtte til livsopphald og andre kommunale tenester fram til dei vert busett av IMDi. Ordninga skal bidra til å avlaste asylmottaka. Dette kallast alternativ mottaksplass (AMOT). Ytinga til kommunen for dette er ca. 16 000,- pr person. Det vert etablert ein elektronisk søknadsportal for dette, der flyktingen søker, og kommunen godkjenner denne ordninga.

Tilskott for busetting:

IMDi har stønadsordningar som vert utløyste for personane som kommunane skal busette. Personar som får innvilga midlertidig kollektiv beskyttelse og er busett etter avtale mellom kommunen og IMDi (busetting med offentleg hjelp) løyser ut integreringstilskot etter

ordinære satsar. IMDI vil komme med informasjon kring varighet av tilskotsperiode når dette er avklara i denne spesielle situasjonen. Tilskotet skal i hovudsak dekke alle dei gjennomsnittlege utgiftene kommunen har til arbeidet i busettingsåret og dei fire neste åra.

Det er ulike satsar for tilskot, avhengig av kva kategori ein person blir busett i år 1:

integreringstilskot einslege vaksne	kr 234 900 per år
integreringstilskot vaksne og barn i familiar	kr 189 400 per år
integreringstilskot einslege mindreårige*	kr 182 300 per år
barnehagetilskot, barn 0—5 år	kr 27 100 per år
eldretilskot, fylt 60 år ved busetting	kr 176 000 per år

* - Tysnes kommune er ikkje oppmoda om å ta imot einslege mindreårige

I tillegg til integreringstilskotet vert det også utbetalt eit persontilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag. Persontilskot blir utbetalt i ulike satsar, avhengig av opphavsland:

persontilskot år 1 for 2022	kr 15 300 til 35 800
persontilskot år 2 for 2021	kr 27 500 til 71 200
persontilskot år 3 for 2020	kr 17 200 til 49 100

Dersom Tysnes kommune tek imot 25 einslege flyktningar i 2022, vil dette utløyse ein sum på kr 5 875 000.

Utgifter:

Tilskotet frå IMDi skal dekkje alle utgiftene som kommunen får i samband med busetting. Lege – og helsetenester, skule, barnehage, utgifter til tolk, transport og introduksjonsprogram. Deltakarar på introduksjonsprogrammet får ein årleg stønad på 2G (212 798,-) . Introduksjonsprogrammet er eit opplæringsprogram som skal forberede flyktningen til deltaking i det norske arbeidslivet. Alle flyktningar mellom 18 og 55 år som kjem til Noreg, skal delta i dette, og programmet er på fulltid. Stønaden er skattepliktig, men gjev ikkje pensjonspoeng. Det vert gjort trekk i stønaden ved fråvær i programmet. Det er kommunen som løner ut denne stønaden. Det vert ikkje berekna arbeidsgjevaravgift på denne. Stønaden må dekkast av integreringstilskotet og tilskotet til opplæring som kommunen får.

Om kompetanse og kapasitet i Tysnes kommune:

For å lukkast med busettings- og integreringsarbeidet må heile kommunen sitt tenesteapparat bidra. Å ta imot 25 flyktningar på eitt år har Tysnes kommune aldri gjort før.

Flyktingtenesta:

Tysnes kommune har bygd ned Flyktingtenesta, og har ikkje teke imot flyktningar sidan 2017 (sett bort i frå familiesameining). Flyktingtenesta hadde ansvar for mottak, busetting, kartlegging, planlegging og oppstart og gjennomføring av introduksjonsprogrammet for flyktningane. I dette ligg også kontroll av program, timelister og utbetaling av stønad.

Flyktingtenesta har også ansvar for å svare på forespurnader frå IMDi og rapportere tal på flyktingar til IMDI for å følgje opp og utløyse tilskot. NAV Tysnes har kompetanse på feltet, men har ikkje ressursar, då dei tilsette har teke over andre oppgåver. Det vil ikkje vera mogleg å omdisponera ressursar i eit slik omfang som krevst for å løysa desse oppgåve då NAV Tysnes har få tilsette, og ivareteke mange andre oppgåver.

Det er vurdert at NAV må tilførast to årsverk for å sikra tilstrekkeleg oppfølging av 25 flyktingar.

Norsk – og samfunnsfagopplæring:

Opplæring i norsk og samfunnsfag er det ikkje tilbod om i kommunen pr i dag, vi kjøper denne tenesta frå Bjørnafjorden kommune. Dersom Tysnes kommune skal tilby tenesta lokalt, er det naudsynt å tilsette lærarressursar, og det er trong for fysisk plass til å gjennomføre opplæringa. Erfaring frå tidlegare synte at få flyktingar gav utfordring i høve å gjere individuelle tilpassingar til norsk- og læringsnivå. Det å nytte tenester frå Bjørnafjorden kommune kan sikre nivåopplæring, men vil være ei utfordring for flyktingane med pendling, transport og ivaretaking av omsorgsoppgåver opp i mot henting og levering av born. Me kan nytta lokala ved treffstaden/aktivitetssenteret i Våge til undervisning. Det er på det noverande tidspunkt ikkje mogleg å sei noko om kor mykje ressursar dette vil krevje, då vi ikkje veit kva alders-samansetning flyktingane vil ha. Er dei under 18, eller over 55 skal dei ikkje delta i introduksjonsprogrammet. Det er uansett viktig å ha med seg at gode språkkunnskapar vil vera ein føresetnad for vidare integrering og at dei skal klara seg sjølv.

Det må setjast av ressursar til opplæring i tilstrekkeleg omfang.

Helsetenester:

Flyktingane vil ha trong for helsesjekk når dei kjem og under opphaldet, dette gjeld mellom anna screening for tuberkulose/smittsame sjukdommar, men kan også gjelda meir komplekse helsetilhøve knytt til traume med vidare. Legekontoret har bra legedekning, og erfaring frå tidlegare med dette. Det er føremålstenleg å nytte lege knytt til helsestasjon for samtalar og undersøking. Flyktingane som kjem vil ha trong for oppfølging av fastlege og skulehelseteneste, samt at utlendingsmyndet melder om at det kan forventast at eit høgt tal vaksne og born som busettast frå Ukraina vil ha traume og trong for rask psykisk helsehjelp. Avhengig av alvorgrad skal det anten behandlast i kommunen (lette til moderate) eller i spesialisthelsetenesta (moderate/alvorlege). Til grunn for prioriteringane ligg helsedirektoratet sin prioriteringsrettelær for psykisk helseteneste for vaksne, som i praksis gjer at kommunen må ta ein stor del av psykiatriske pasientar sjølv. Me har i dag lite kapasitet til å ta nye pasientar inn i vår psykiske helseteneste, dette inneber at me må gjera ei nærare vurdering av situasjonen for psykisk helse opp mot venta behov.

Skule, SFO og barnehage:

Borna som kjem har trong for skule- eller barnehageplass. Minoritetsspråklege elever har dei same rettane som andre elever i grunnskulen, inkludert gratis opplæring, tilpassa opplæring, spesialundervisning og rett til å gå på nærskulen. Det er som hovudregel kommunen der

barnet eller den unge er busett som har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskuleopplæring, jf. opplæringslova § 13-1. For barn og unge i asyl-mottak eller omsorgssenter, har kommunen der asylmottaket eller omsorgssenteret ligg ansvar for grunnskuleopplæringa. Ved AMOT vil Tysnes kommune ha dette ansvaret Ein minoritetsspråkleg elev har rett til særskilt norskopplæring fram til eleven har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgja den vanlege opplæringa i skulen. Om naudsynt har eleven rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, i tillegg til særskilt norskopplæring. Undervisninga i norsk må vera meir intensiv den første tida. Det bør nyttast assistent-timar det første halve året for at elevane skal få med seg det som går føre seg på skulen/i klassen. Barn under skulealder får plass i barnehagen på lik line med andre barn. Det vert ikkje sett inn ekstrahjelp eller ekstra ressursar, utan etter særskilt vurdering av t.d. spesialpedagogisk hjelp. Det vil i nokon grad vera trong for tolketenester ved foreldresamtalar og elles i samarbeid med heimen. Oppvekst melder at det er plass i barnehagane Stjernereiso, Lunde og Onarheim. Ein må sjå på bemanninga, og sikre administrative og pedagog-ressursar, samt grunnbemanning i takt med auke i barnetalet. Det er ønskjeleg å samle borna i ein barnehage for å effektivisere oppfølging, transport og for å samordne hjelp. Det kan være naudsynt å sjå på ein styrking av SFO-tilbodet.

Bustad:

NAV leiar uttrykkjer at det er føremålstenleg å busetje sentralt til offentlege tenester og butikk/barnehage og skule, vidare at ein må busetje med tanke om varig busetting, for å sikre stabilitet. I dette ligg det at vi må sjå etter sjølvstendige bu-einingar som kan nyttast framover. Tysnes kommune har ikkje slike bustader tilgjengeleg, så vi må sjå til private. Vi veit ikkje kor lenge situasjonen vil vare ved. Me har fått ulike innspel frå private som har stilt kapasitet til rådvelde, det er naturleg at me går gjennom desse innspela og vurderer dei nærare. Det bør ikkje busetjast der det ikkje er egne bueininger.

Barnevern:

Barnevernstenesta er rusta til å handtere ordinære uromeldingar, men kapasitet må vurderast dersom tal saker som følgje av busetting vil auke. Dagens kapasitet bør i utgangspunktet vera tilstrekkeleg, her har me også med oss at denne tenesta uavhengig av denne situasjonen skal styrkast tilsvarende eitt årsverk. Lite nettverk gjer at flyktningane kan ha trong for hjelp frå barnevernet når det oppstår uventa situasjonar eller hendingar der føresette sjølv ikkje klarar å ta seg av barnet/a (akutt sjukdom/innlegging sjukehus).

Tverrfagleg:

I alle tenestene er det trong for ukrainsk tolk. Det er lite tolkeressursar på Ukrainsk i Noreg, men myndigheitene melder om at det arbeidast med å godkjenne fleire ukrainske tolkar. Tysnes kommune har rammeavtale med Hero tolketeneste, og ein må pårekna utgifter til bruk av tolk i alle tenester.

Frivillige ressursar:

Kommunen har motteke fleire henvendingar frå privatpersonar som vil tilby opphald i eigen bustad, og utleige av sjølvstendige bu-einingar. Desse er samla, og kvar henvending vil verta vurdert. Det er eit ønskje om å busetje varig, gitt erfaring frå tidlegare, for å unngå 2. gangs

busetting (å flytte etter kort tid). Vidare kan det være føremålstenleg å fri til frivillige for å sikre integrering og hjelp med praktiske ting i kvardagen, som til dømes fadderfamilie, som kan ivareta hjelp til transport, følge, råd/retteleiing og det å bli kjent i lokalsamfunnet.

Andre tilhøve som spelar inn:

Flyktingtenesta i Tysnes har aldri teke imot meir enn 16 flyktningar på eit år. Det er naudsynt å kontinuerleg vurdere talet på flyktningar opp i mot alle tenestene våre. Det kan være naudsynt å dimensjonera opp tenestene som vert mest påverka. Behovet for oppdimensjoneringa vil kunne vere av midlertidig eller langvarig karakter, avhengig av kven som vert busett (alder og helse). Vidare må det takast høgde for at talla kan auke, ut i frå korleis situasjonen i Ukraina vil utvikle seg. Talet vi er oppmoda om å ta imot speglar ikkje kva vi faktisk vil busetje. Det er ikkje sikkert vil får talet vi er oppmoda om, og det kan hende vi buset 25 flyktningar, og etter kvart deira familiemedlemmar.

Det er viktig å ha med seg at sjølv om IMDI har gjort ei ny oppmoding til kommunane som direkte spring ut i frå krigen i Ukraina, at det ikkje er sikkert at kommunen vil få tildelt flyktningar frå Ukraina. I høve berekningane, så er det framleis 5000 av 35 000 flyktningar som kjem frå andre land, t.d. Eritrea, Kongo, Syria, Afghanistan osv. Det er ikkje høve til å legge inn reservasjonar om etnisitet i talet flyktningar som kommunen vedtek å ta imot.

Erfaring frå tidlegare syner at tilskotet dekkjer utgiftene, og gir noko fondsavsetning som dekkjer utgifter i ettertid som er direkte knytt til tidlegare busetting av flyktningar. Økonomisk vil ei styrking av personalressursar ha små konsekvensar første året, her bør auka inntekter og auka utgifter møtast greitt. Vidare i perioden vil me måtta rekna med auka kostnader, men det er sær usikkert korleis situasjonen vert frametter. Vurderinga er at det ikkje har budsjettmessige konsekvensar første året.

Å ta imot 25 flyktningar kan sikre folkevekst. Kommuneøkonomi er eit nullsum-spel der vår relative del av «kaka» vert mindre om me ikkje held tritt med folkeveksten i landet elles.

Vurdering:

Rådmannen vurderer at Tysnes kommune kan byggje opp tenestene innan 3-6 månader, og at vi bør arbeide for å møte IMDi sin oppmoding om å busette 25 flyktningar i løpet av 2022. Situasjonen endrar seg raskt, og det er stadig ny informasjon og føringar frå sentrale mynde. Det er difor viktig at administrasjonen får naudsynt mynde til å raskt tilpasse tenestetilboda i tråd med dei behova som oppstår i tida frametter.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune imøtekjem IMDI si oppmoding om å busette 25 flyktningar for 2022.

Familiesameining kjem utanom. Tysnes kommune har ikkje høve til å ta imot einslege mindreårige flyktningar.

Tysnes kommune vil ta initiativ om alternativ mottaksplass for flyktningar som er kome som sjølvbusetjarar til kommunen.

Rådmannen får fullmakt til å byggje opp kapasitet for å førebu mottak av flyktningar, under dette lyse etter naudsynte ressursar i vaksenopplæringa og inntil 2 årsverk i flyktningtenesta.